



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Landbruksavdelinga

Vår ref.: 2006/7783

Dykkar ref: 200601782

Arkivnr.:

Vår dato: 14.07.2006

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	Doknr.:
2006/01782-2	2
Mottatt:	21 JUL 2006 LP
Saksbeh.:	Ark.:
SO/HGU	540.3
Kopi:	Avskr.:

Innspel til høyringa av forslag til endringar i forskrift om kvoteordninga for mjølk

Vi viser til høyring av forslag til endringar i forskrift om kvoteordninga for mjølk, lagt på Landbruks- og matdepartementet (LMD) si heimeside 13.juli d.å. Vi tillet oss å koma med nokre innspel i saka.

Vi sendte brev til LMD, dagsett 4.juli d.å., med innspel angående utforming av regelverket for kjøp av kvote til økologisk mjølkeproduksjon. I dette brevet vil vi også gi innspel til denne utfordringa spesielt, men også til nokre av dei andre tema høyringa omfattar.

Flytting av kvoteåret for kumjølk

Vi reknar med at denne endringa kjem etter ønske frå mjølkeprodusentane og meieriselskapa sjølve. Vi tek for gitt at denne ordninga etter ei tid blir evaluert.

§9 Vilkår for berekning av samdriftskvote

Det er for tida stor interesse for å kome inn med sovande kvote i nye og eksisterande samdrifter. Regelverket for berekning av samdriftskvotar er i endring og i samband med liberaliseringa meiner vi at regelverket også burde omtalt konkret kva som skal til for at sovande kvotar kan gå rett inn i ei samdrift. Merk her at det etter det vi kjenner til er mange som aktiviserer kvoten gjennom sommarsambeite, der ein tøyser beiteperioden langt ut over det det er fagleg grunnlag for.

Prioritere økologiske kumjølkprodusentar ved sal av kvotar

Matfylket Rogaland har ei utfordring med å auke omfanget av sin økologiske produksjon. Og her er mjølkeproduksjonen viktig. Ikkje i noko distrikt i vårt land ligg dei klimatiske tilhøva betre til rette for økologisk mjølkeproduksjon enn her. Vi viser her spesielt til den lange beitesesongen som er eit viktig pre i så måte.

Fylkesmannen, Landbruksavdelinga har derfor no i ein 3-års periode hatt eit eige prosjekt på økologisk landbruk med fokus på omlegging til mjølkeproduksjon. Det er lagt ned over 1,5 millionar kroner i dette prosjektet. Prosjektet har vist at problemstillinga representerer store utfordringar i dette fylket og status i dag er at vi har kome for kort på området. Resultata så langt er heller nedslåande.

Kan vi nå i regelverket for fordeling av dei økologiske mjølkekvoteane få gjennomført prinsippet om at selde kvotar i eit fylke skal fordelast i same fylket, vil det på ein effektiv måte auke fokuset på økologisk produksjon i Rogaland.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

Og regelverket for fordeling av desse kvotane bør vera slik at ein lokalt kan kanalisere denne produksjonen til "dei rette" produsentane. Det kan vere dei beste av våre økologiske produsentar i dag, men vi trur og det vil vere rett å også opne for at landbrukseigedomar som i dag ikkje har kvote frå før, no får høve til å kjøpe av den økologiske kvotemengda som vil stå til disposisjon i 2007. Også kjøparar som er i karenperioden må få kjøpe av 10%`en. Føresetnaden må sjølvsagt vera at dei i samarbeid med forsøksringen har planlagt omlegging til økologisk produksjon i løpet av få år.


Skal vi få dette til ville det vore ynskjeleg at Fylkesmannen fekk ansvaret for fordelinga av dei kvotelitrane som skal fordelast til økologisk produksjon. I det minste må Fylkesmannen få høve til å gi innstilling på fordelinga av denne kvotemengda til SLF.

Vi viser her til at TINE, GILDE, Felleskjøpet Rogaland Agder og Jæren Forsøksring, etter dei opplysningane vi har fått, kjem til å starta opp eit eige 3-årig rekrutteringsprosjekt med start i 2006. Vi vil sjølvsagt aktivt støtta opp om denne satsinga.


Og vi er overtydde om at det å prioritere 10% av den statlege kvotedelen til økologisk produksjon vil gi ekstra framdrift for eit slik prosjekt. Føresetnaden er at vi lokalt får påverka fordelinga slik at denne kvotemengda kan koma "dei rette" produsentane til gode, og at ein del av kvotemengda kan nyttast til å etablere økologisk mjølkeproduksjon på bruk som i dag ikkje har eigen mjølkekvote.

Vi er opptekne av at Rogaland også i framtida skal vere eit godt og viktig mjølkefylke. Vi ønskjer også i frå Fylkesmannen å medverke til at vi får fart på satsinga mot auka økologisk mjølkeproduksjon. Då må regelverket utformast slik at det legg til rette for å få dette til. Difor er dei grepa ein no kan gjere på dette feltet ved utforming av regelverket, viktig. Dette om ein skal få til den ønska effekten av den kraftfulle satsinga partane vart samde om i jordbruksavtalen no i 2006.

Med helsing



Joar Oltedal
Ass. Landbruksdirektør



Geir Skadberg
rådgivar næringsutvikling

Saksbehandlar: Geir Skadberg
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 92
E-post: geir.skadberg@fmro.no